

Møteprotokoll

Utval	Ålesund kontrollutval
Møtestad	Lerstadvegen 545, 3. etg kantina
Dato	31.08.2022
Tidspunkt	kl 16:00 - 18:00

Følgjande medlemmer møtte

Bente Bruun
Jannicke Strømmen
Knut Helge Vestre

Forfall

Kåre Alfred Hanken
Terri-Ann Senior

Møtande varamedlem

Varamedlem kunne ikkje møte
Svein Inge Alnes

Møtenotat

Frå Ålesund kommune møtte ass. kommunedirektør Anne-Mette Liavaag og kommunalsjef helse Synnøve V. Synnes. Frå Møre og Romsdal revisjon SA møtte oppdragsansvarlig rekneskapsrevisor Linn Pettersen, oppdragsansvarleg forvaltningsrevisor Kurt Løvoll og tidlegare forvaltningsrevisor Anne-Lise Roald. Frå kontrollutvalsekretariatet møtte rådgivar Solveig Kvamme

Kontrollutvalet vart gjort merksam på at kommuneutvala har handsama ei sak knytt til prinsippvedtak om interkommunale samarbeid og eigarskap i dei nye kommunane og at denne saka skal til kommunestyret. Kontrollutvalet bed leiar om å minne kommunestyret på følgjande:

I sak om interkommunalt samarbeid og eigarskap kan ikkje kommunestyret gjere lovleg vedtak knytta til medlemskap i Sunnmøre kontrollutvalsekretariat IKS og Møre og Romsdal Revisjon SA før kommunestyret har valgt revisjonsordning og sekretariatsordning. Det er kontrollutvalet og ikkje kommunedirektøren, som etter kommunelova § 23-7 og § 24-1 skal gje tilråding i val av revisjonsordning, val av revisor og val av sekretariatsordning. Kontrollutvalet vil setje i gang dette så snart kommunestyret bed dei om å gjere det.

Bente Bruun
Leiar kontrollutval

Solveig Kvamme
Rådgjevar SKS IKS

Sakliste

- PS 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte
- PS 21/22 Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune
- PS 22/22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet i heimetenesta - Ålesund kommune
- PS 23/22 Nummerert brev 04 frå revisor om fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune
- PS 24/22 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune
- PS 25/22 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Ålesund kommune
- PS 26/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Ålesund kommune
- PS 27/22 Meldingar
- MS 13/22 Informasjon om ny rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet
- MS 14/22 Høyring frå Forum for kontroll og tilsyn - kommunelova
- MS 15/22 Invitasjon til kontrollutvalsleiarskule 2022 - Forum for kontroll og tilsyn
- PS 28/22 Orienteringar
- OS 04/22 Orientering etter fagkonferanse for kontrollutval juni 2022
- PS 29/22 Uttale til høyring om forskrift for deling av Ålesund kommune

PS 20/22 Godkjenning av innkalling og sakliste, protokoll frå forrige møte

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

ÅKU - 20/22 vedtak

Kontrollutvalet godkjenner innkalling og sakliste, samt møteprotokoll frå forrige møte slik den ligg føre.

PS 21/22 Rapport frå eigarskapskontroll 2022 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringpunkt som rapporten peikar på.
4. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å rapportere på dette til kontrollutvalet innan utgangen av 2022.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Ass. kommunedirektør informerte kontrollutvalet kort om dei forbetringstiltak som allereie er sett i verk og kva som er planlagt sett i verk.

ÅKU - 21/22 vedtak

1. Kommunestyret tek rapporten frå eigarskapskontroll 2022 til orientering.
2. Kommunestyret merkar seg dei punkt til oppfølging og forbetring som kjem fram i rapporten.
3. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å sette seg inn i rapporten og følgje opp dei forbetringpunkt som rapporten peikar på.
4. Kommunestyret ber eigarskapsutvalet om å rapportere på dette til kontrollutvalet innan utgangen av 2022.

PS 22/22 Rapport frå forvaltningsrevisjon 2022 - kvalitet i heimetenesta - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på kvalitet i heimetenesta, og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å ha eit særskilt fokus på å etablere ei felles forståing for avvikshandtering på alle nivå i heimetenesta.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å etablere gode rutiner for å innhente og bruke erfaringar frå brukarar og pårørande, til forbetring av heimetenesta.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak til kontrollutvalet sitt første møte i 2023.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Kommunalsjef helse informerte kontrollutvalet om kva tiltak til forbetring som er sett i verk og kva dei planlegg framover.

ÅKU - 22/22 vedtak

Kontrollutvalet tilrår kommunestyret å gjere slikt vedtak:

1. Kommunestyret sluttar seg til dei tilrådingar som revisor gjev i rapport frå forvaltningsrevisjon på kvalitet i heimetenesta, og ber kommunedirektøren merke seg desse.
2. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å ha eit særskilt fokus på å etablere ei felles forståing for avvikshandtering på alle nivå i heimetenesta.
3. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å etablere gode rutiner for å innhente og bruke erfaringar frå brukarar og pårørande, til forbetring av heimetenesta.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren om å rapportere til kontrollutvalet på iverksette tiltak til kontrollutvalet sitt første møte i 2023.

PS 23/22 Nummerert brev 04 frå revisor om fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommune etablerer ein praksis som sikrar at lovverket her vert fulgt. Og at revisor melder attende til kontrollutvalet når dette er utført.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Ass. kommunedirektør stadfesta at dette avviket er lukka. Kontrollutvalet bed revisor om å ta ein kontroll på dette om ei stund.

ÅKU - 23/22 vedtak

Kontrollutvalet bed revisor om å sjå etter og kontrollere at Ålesund kommune etablerer ein praksis som sikrar at lovverket her vert fulgt. Og at revisor melder attende til kontrollutvalet når dette er utført.

PS 24/22 Uttale om forenkla etterlevingskontroll med økonomiforvaltninga 2021 - Fosterheimsgodtgjering Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

ÅKU - 24/22 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin attestasjonsuttale frå forenkla etterlevingskontroll 2021 til orientering.

PS 25/22 Revisor sin rapport etter årsoppgjersrevisjon 2021 - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskapa 2021 til vitande.

Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbetningspunkt som revisor har peika på i si orientering.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

ÅKU - 25/22 vedtak

Kontrollutvalet tek revisor sin rapport etter revisjon av årsrekneskapa 2021 til vitande. Kontrollutvalet bed revisor om å følgje opp dei forbetningspunkt som revisor har peika på i si orientering.

PS 26/22 Budsjettforslag 2023 for kontrollutvalet sitt arbeid - Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 5 069 000

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 211 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutval IKS) kr 1 407 778 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 3 450 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Det er viktig at kontrollutvalet får ei tilbakemelding på vedtak om budsjetttramme for kontrollarbeidet, når budsjettet er handsama av kommunestyret.

ÅKU - 26/22 vedtak

Ålesund kontrollutval tilrår ei samla budsjetttramme for kontrollarbeidet på kr 5 069 000

Dette er fordelt slik:

- Kontrollutvalet møtegodtgjersle og kompetanse kr 211 000
- Kjøp av sekretariatstenester (Sunnmøre kontrollutval IKS) kr 1 407 778 (* tal frå 2022)
- Kjøp av revisjonstenester (Møre og Romsdal Revisjon SA) kr 3 450 000

Forslaget frå kontrollutvalet skal følgje tilrådinga til årsbudsjett fram til kommunestyret, i samsvar med kommunelova §14-3 og § 2 i Forskrift om kontroll og revisjon.

PS 27/22 Meldingar

MS 13/22 Informasjon om ny rettleiar for handtering av henvendingar til kontrollutvalet

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Kontrollutvalet bed sekretariatet om å førebu ei sak med forslag til retningslinjer for handtering av henvendingar, til neste møte.

ÅKU - 13/22 vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 14/22 Høyring frå Forum for kontroll og tilsyn - kommunelova

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Kontrollutvalet bed sekretariatet i samarbeid med leiar om å sende aktuelle høyringsinnspel til Forum for kontroll og tilsyn.

ÅKU - 14/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

MS 15/22 Invitasjon til kontrollutvalsleiaraskulen 2022 - Forum for kontroll og tilsyn

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

ÅKU - 15/22 vedtak

Kontrollutvalet tek meldinga til vitande.

PS 28/22 Orienteringar

OS 04/22 Orientering etter fagkonferanse kontrollutval juni 2022

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

Leiar av kontrollutvalet informerte kontrollutvalet om at denne fagkonferansen var nyttig å delta på og godt retta mot arbeidet i kontrollutvalet.

ÅKU - 04/22 vedtak

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet tek orienteringa til vitande.

PS 29/22 Uttale til høyring om forskrift for deling av Ålesund kommune

Tilråding til vedtak:

Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret om å ta med seg dei synspunkta som kjem fram i kontrollutvalet si sakshandsaming, når høyringssvaret vert handsama av kommunestyret.

Ålesund kontrollutval 31.08.2022

Behandling

I sakshandsaminga var det eit punkt som ikkje vart med. Det gjeld kommentar til **§ 14 Økonomiplan og årsbudsjett**. Her er det viktig å merke seg at kontrollutvalet skal i medhald av § 2 i forskrift om kontrollutval og revisjon, legge fram budsjettforslag for kontrollarbeidet for 2024. Denne skal følgje tilrådinga til årsbudsjett frå formannskap og fram til kommunestyra si handsaming. Difor bør det i merknaden til forskrifta under § 14 stå at det er kontrollutvalet i noverande Ålesund kommune som skal legge fram budsjettforslaget for kontrollarbeidet for begge dei to nye kommunane. Dette fordi det må ligge ved når formannskapet legg det ut på høyring og dei to nye kommunestyra skal gjere vedtak i budsjettet.

Ass. kommunedirektør var til stades i møtet og merka seg dei innspelane som kontrollutvalet peika på.

ÅKU - 29/22 vedtak

Kontrollutvalet oppmodar kommunestyret om å ta med seg dei synspunkta som kjem fram i kontrollutvalet si sakshandsaming, når høyringssvaret vert handsama av kommunestyret.